



Statens vegvesen

JOHANNES HOPLAND
SEIMSLEITET 85
5912 SEIM

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/172664-6

Dykkar referanse:
18/361 – 18/4048

Vår dato:
09.05.2018

Førehandstilsegn – Skogbruksavkøyrslø – Fv. 401 – Gnr. 173 bnr. 4 – Rydland i Lindås kommune

Vi viser til søknad datert 10.10.2017.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) gir vi løyve til etablering av avkøyrslø frå fv. 401 til grunneigedom gnr. 173 bnr. 4 i Lindås kommune, *vår referanse fv. 401 hp 1 km 1,360.*

Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

1. Avkøyrslø skal plasserast i tråd med situasjonsplan, datert 04.10.2017. I tillegg skal ein følgje *Krav til utforming av avkøyrslø*, som ligg ved.
2. Løyvet gjeld avkøyrslø til felles skogsbilveg.
3. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrslø skal vere minimum 45 meter til begge sider av køyrebana. Eventuelle planter og liknande i frisiktsona skal ikkje vere meir enn 0,5 meter (sjå *Krav til utforming*).
4. Svingradius skal vere 9 meter (18 meter i diameter). Svingradius skal markerast tydeleg med til dømes betongkant, grøft eller annan avvisande kant mot sideterrenget. Det smalaste punktet i avkøyrslø skal ikkje vere meir enn 10 meter (sjå *Krav til utforming*).
5. Stigningskravet må haldast (sjå *Krav til utforming*). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrslø skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm dei første 2 meterane.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

6. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentlig veg.
7. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks- /fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsl, frisisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
8. Dersom avkøyrsla går over ei veggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vere tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna (sjå *Krav til utforming*).
9. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsl* underskrivast og sendast i retur.
10. Avkøyrsla skal vere godkjend av Statens vegvesen før nye byggearbeid blir sett i gang.
11. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.

Eigaren eller brukaren av avkøyrslen har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsl* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla vil krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

Bakgrunnen for vedtaket

Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsl frå.

Krav til utforming av avkøyrsla er mellom anna gitt med bakgrunn i fartsgrense og dimensjonerande køyretøy. Fylkesvegen er svært smal på strekninga. I følgje vår sporingsanalyse skal ein likevel kunne manøvrere køyretøy slik det er søkt om. Vi gjer likevel merksam på at fylkesvegen berre er dimensjonert for køyretøy inntil 19 meter lengde.

Det innsendte lengdeprofil er ikkje i samsvar med våre krav. Vi minner difor om at avkøyrsla skal ha fall frå fylkesvegen. Det må difor utarbeidast eit nytt lengdeprofil for avkøyrsla og første del av veganlegget som er utforma i samsvar med våre handbøker.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest PB. 43, 6861 Leikanger / firmapost-vest@vegvesen.no som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ
Åge Stusdal, Nesbrekka 41, 5912 SEIM

Vedlegg

Veglova [§ 40](#) og [§43](#)
Krav til utforming av avkøyrslø
Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslø
Situasjonskart datert 04.10.2017

Statens vegvesens saksnummer 17/172664

Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslø

Eg/vi melder om at avkøyrslø frå fv. 401, hp 1, km 1360, er ferdig opparbeidd i samsvar med vilkår fastsett i løyve datert 09.05.2018.

.....
Sted/dato

underskrift søkar/grunneigar

.....
Underskrift utførande entreprenør


Samtykke sendast til:

Statens vegvesen Region vest, PB. 43, 6861 Leikanger eller: firmapost-vest@vegvesen.no


KRAV TIL UTFORMING AV AVKØYRSLE utan gs-veg

PLANSKISSE AV AVKØYRSLE


Revidert
02/2017




LENGDESNITT I GRØFT VED AVKØYRSLE




SNITT GJENNOM MIDTLINE I AVKØYRSLE



MINSTEKRAV TIL SIKT I AVKØYRSLE





- Målte Grenser
- Registrerte Grenser
- Udefinert grenser
- f Terrengmålte grense
- ▲ Konstruert grensepunkt
- Bolig
- Bustad m/leilighet
- Våningshus
- Større bustader
- Hytte/feriehus
- Garasje/uthus
- Industri/lager
- Andre bygg

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.



Lindås kommune
Geodata avdeling



Dato: 2017.10.04
Sign: lini

Målestokk
1:2000